



Gaular kommune

Ordføraren

Sogn og Fjordane fylkeskommune Nærings- og Kulturadministrasjon
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Saksnr. 18/307	Arkivkode FE - 230	Journalnr. 18/10838	Dykkar ref.	Vår ref. MRA	Dato 03.10.2018
-------------------	-----------------------	------------------------	-------------	-----------------	--------------------

Søknad om investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular

Vi viser til presentasjon av Fossesenteret i Gaular for fylkestinget på Leikanger måndag 24.september i år.

Vi søker med dette om kr 5 000 000 – 5 millionar – som bidrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til finansiering av bygg og utstillingar.

Senteret skal vere

- Eit Nasjonalt senter for verna vassdrag – med presentasjon av dei verna vassdraga, men også den norske fossenaturen generelt.
- Eit senter for formidling av kunnskap om vatn i eit internasjonalt perspektiv.

Senteret, med marknadsføringsnamnet Fossesenteret, skal tene fleire oppgåver

- Hovudoppgåva vert å formidle kunnskap om den verna vassdragsnaturen, og den norske fossenaturen generelt.
- Ein del av senteret skal formidle kunnskap om vatn internasjonalt.
- Det skal vere eit knutepunkt for ferskvassforskning i eit samarbeid med høgskule/universitet/internasjonale forskingsmiljø.
- Undervisning med spenn frå barnehage og leirskule til internasjonalt utveksling.
- Det skal vere eit fyrtårn for reiselivet. Saman med satsinga på den nasjonale turistvegen over Gaularfjellet og nærleik til turiststaden Balestrand i Sogn, vil dette kunne bli ei reiselivsmessig kraftpakke.

Status i arbeidet med senteret.

Forprosjekt frå 2015, med oppdaterte tal for investering og drift frå 2018, ligg til grunn for søknaden **Tomt** er regulert på på Mjell, ved Nasjonal turistveg, like attmed brua over Likholefossen.

Bygning er skissa og grovkalkulert, inkl uteområde og utstillingar, til 37,3 mill av Arild Våge, Nordplan.

Utstillingar, prinsippa for kva som skal vere tema ligg i forprosjektet, pkt.3, side 9.

Idetilfang til utstillingane ligg i arkitekt Pål Thomas Sundhell sitt 86 siders prosjekt frå 2010, som er eit av vedlegga til forprosjektet.

Finansiering, to partar har gjeve tilsagn om sin del av finansiering: Gaular kommune 5 mill, og Nasjonal turistveg 3 mill. Førde og Balestrand kommunar er søkt om deira del av finansieringa.

Postadresse Telefon: 57718500
Vadheimsvegen 15
6973 SANDE I SUNNFJORD E-post: postmottak@gaular.kommune.no

Bankgiro: 37600700279
Org.nr: 963 923 988

Kommunane Førde og Balestrand, samt Fellesnemda for nye Sunnfjord kommune er alle positive til prosjektet. Det vert også arbeidd mot private bidragsytarar.

Staten er i finansieringsplanen sett opp med 20 mill, sidan dette er eit naturinformasjonssenter på linje med andre liknande senter. Her er det god kontakt med storingsbenken frå fylket, medlemmer i miljø og enrgikomiteen, på statsekretærnivå mm.

Tilbakemeldingane er svært positive, men også eintydige på at lokale og regionale myndigheiter må vise gjennom finansieringstilsagn at dette er noko ein ynskjer.

Det er difor avgjerande for statleg medfinansiering at også Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg med sin tiltenkte del av finansieringa.

Vi vonar såleis på snarleg og positiv handsaming av søknaden.

Med helsing

Mathias Råheim
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Råheim Mathias

Vedlegg:

Forprosjekt Fossesenter vedlegg A, B,D,E og F 03.10.2018

Forprosjekt Nasjonalt senter for verna vassdrag jan 03.10.2018
2015, revidert 19.mars 2018

Vedlegg C er arkitekt Pål Thomas Sundhell sitt 86 siders kompendium med konkret teamtisering og idear til utstillingar. Dette vedlegget finns ikkje digitalt, men er framleis særskilt aktuelt som idetilfang når utstillingane skal endeleg utformast.